

Granvin herad  
Hardangervegen 2581  
Postboks 13  
5733 Granvin

**Hovedkontor**  
Gaustadalléen 21  
NO-0349 Oslo  
Telefon: 22 18 51 00  
Fax 22 18 52 00  
Bankgiro: 5010 05 91828  
SWIFT: DNBANOKK  
Foretaksnr.: 855869942  
www.niva.no  
post@niva.no

**Deres referanse**

**Vår referanse**

**Dato**

Journalnummer 0329/19  
Prosjektnummer 190091

29.05.2019

## UNDERSØKING AV LANDETS VASSRESSURSAR

### Søknad om løyve til å lande med helikopter i perioden 15. september - 1. desember 2019

Effektar av ureina luft og nedbør på vassressursar skal no følgjast opp gjennom ei undersøking av om lag 1000 innsjøar i heile Noreg. Det er NIVA som skal gjennomføre undersøkinga på oppdrag frå Miljødirektoratet. Undersøkinga i 2018 vart avlyst, som det tidlegare er informert om.

Som eit ledd i Miljødirektoratet sitt arbeid med å halde oversikt over miljøtilstanden i norske innsjøar er det tidlegare gjennomført tre store undersøkingar i Noreg. Den fyrste vart gjennomført i tre etappar med 155+153+719 innsjøar i 1974-1975. Den andre vart gjort hausten 1986, da det vart samla inn vassprøver frå 1005 norske innsjøar. Hausten 1995 vart den hittil siste undersøkinga gjennomført. Da vart det teken vassprøver frå 1500 innsjøar. Av desse vart 500 òg undersøkt i 1986, og her var formålet å sjå utviklinga i vasskjemi sidan 1986. Men det vart òg gjort eit statistisk utval på 1000 sjøar frå kvar region i landet, som skulle gje eit representativt bilete av vasskjemien i heile Noreg.

I 2019 har Miljødirektoratet bestemt at dei 1000 statistisk utvalde innsjøane frå 1995-undersøkinga skal takast på nytt til hausten for å oppdatere oversikta over miljøtilstanden. Undersøkinga i år skal i størst mogleg grad gjerast som den i 1995. Data skal samanliknast med data frå 1995, og det er særskild viktig å ta prøver frå dei same lokalitetane.

Den faglege bakgrunnen for undersøkinga er at det har skjedd store endringar i viktige miljøfaktorar dei siste 23 åra. Sur nedbør har gått kraftig attende. I takt med redusert sur nedbør har og konsentrasjonar av kalsium og magnesium gått ned, og ein fryktar at dette enkelte stader kan gje marginal vasskvalitet for fisk og anna liv. Langtidsdata frå overvaking viser aukande humusinnhald (farge) i vatn, og dette har vore eit problem for fleire vassverk. Også dette har vore knytt til reduksjonen i sur nedbør. Klimaet har vorte varmare og det har vore meir hyppige episodar med ekstremvær, til dømes tørka i Sør-Noreg i fjor sommar. Ein veit ikkje nok om korleis det står til med vasskvaliteten på nasjonal skala i dag.

For effektiv gjennomføring skal flest mogleg av innsjøane prøvetakast frå lufta med helikopter, og det må innhenta landingsløyve for dette. Fleire av innsjøane ligg i verna områder, og det må i dei tilfella innhenta løyve frå vernemyndigheitene.

Det skal takast ei prøve frå kvar innsjø. Prøva vil bli teken med vasshentar frå helikopter over sentralt område i innsjøen. Dette vil ta om lag 2-3 minutt i kvar sjø. Helikopteret vil altså ikkje lande fysisk på innsjøen. Faren for spreiding av sjukdomar og parasitter skal være minimal ved at utstyret tørkast og overskotsvatn slås ut over land i eige nedbørfelt.

For å sikre godt flygevêr og effektiv logistikk er det ynskjeleg med eit løyve som gjeld for tidsrommet frå 15. september 2019 og fram til 1. desember 2019. Omsyn til vilt og reinsdyr skal takast. Vår samarbeidspartner Helitrans har god erfaring med slik flyging.

NIVA søker med dette om å få nytte helikopter til vassprøvetaking i det oppgitte tidsrom. Søknaden gjeld følgjande innsjø(ar):

| NIVA-innsjøkode | Innsjønamn     | NVE vatn nr | UTM Nord | UTM Aust | UTM Sone |
|-----------------|----------------|-------------|----------|----------|----------|
| 1234-3-2        | Granvinsvatnet | 2010        | 6715501  | 374984   | 32       |

Sjå også kartfesting av innsjøane i vedlagte kart.



Det er viktig med avklaring om løyve før sommarferien, og vi ber om å få svar innan 1. juli 2019. Svaret sendast på e-post til vår avdeling for prosjektstøtte: [prosjektstotte@niva.no](mailto:prosjektstotte@niva.no).

Håpar på positivt svar!

Vi vil og sette pris på om det kan informerast om undersøkinga på dykkar heimesider.

Med helsing,

A handwritten signature in black ink, which appears to read "Atle Hindar".

Atle Hindar,  
Prosjektleiar

[prosjektstotte@niva.no](mailto:prosjektstotte@niva.no)

Mob. 90516045

NIVA Region Sør